

Tilsvar på attendemelding frå Alver kommune Landbrukskontoret 30.05.23 ved Svein Arne Vågane.
Dykkar ref 21/6260 - 23/41091.

Takk for svar og orientering.

Eg har sjølv sagt forståing for at de har få folk og mykje arbeid – Men, eg vil likevel gje eit kort svar på Dykkar brev.

Denne saka skriv seg attende til hausten 2020, utan at det er noko Dykk kan lastast for. Likevel, vil eg på det sterkaste oppfordra dykk til å halda farten oppe. Ingen veit kor lenge denne saka vil vara, og kanskje er det berre ein part som tener på at det dreg ut.

Denne saka har òg eit langt større perspektiv enn tilleggsjord til vår gard – sjølv om det er veldig viktig. Ikkje minst, er denne saka viktig for samfunnet, og herunder Alver kommune. Viktige ting som kan nemnast: Trua på landbruk i komande generasjonar, sikra eksistensen til familielandbruket lokalt på Vike og nasjonalt, senda viktige signal om eigarstrukturen i norsk landbruk. Saka har fått merksemd langt utanom Alver kommune sine grenser.

Som sagt har eg forståing for Landbrukskontoret sin situasjon, men, eg meiner det må vera sett i verk tiltak før sumaren. Me befinn oss i ein veldig uavklara situasjon, som me veldig sterkt vil avslutta så snart som råd.

På førehand takk, og lukke til

Mvh.

Torgeir Andvik